

REGULERINGSBESTEMMELSER FOR HYTTEFELT A2 OG B.
FARHOVD/FLISHAUGFLOTI GNR.151, BNR.5.

1. Planområde er avgrensa på kartet med tjukk, stipla strek. Grensa mellom det utbygte hyttefeltet A1 og det nye feltet A2 er trekt med heil, tynn strek. Innafor planområdets grenser skal all utbygging skje i samsvar med denne reguleringsplan med bestemmelsar, generalplanvedtekt, vedtekt til bygningslovas §82 og hyttereglar for Vinje kommune.
2. Område for fritidsbebyggelse.
 - a). Innafor planområde A2 vert det tillete oppført inntil 10 hytter, og innafor planområde B vert det tillete oppført inntil 6 hytter. Område for plassering av hyttene er vist på kartet med ein sirkel med diameter ca 20m. Det kan foretakast mindre justeringar av område for plassering hyttene, dersom det kan gje gunstigare utnytting av terreng og areal.
 - b). Innafor kvar sirkel kan det plasserast ei hytte i ein etasje og med inntil 90kvm. brutto golvflate. I tillegg til hytta kan det førast opp uisolert uthus eller bod på inntil 10kvm. i tilknytning til hytta. Endeleg plassering av hytte skal markerast med raud påle. Utforming, møneretning og plassering skal godkjennast av bygningsrådet i kvart enkelt tilfelde.
 - c). Hytter og boder skal ha saltak med takvinkel mellom 20-26°. Taktekking skal vera jord/torv eller kreosotimpr. tretak. Utvendig kledning skal vera kraftig ståande tømmermanns-panel eller synleg tømmer om hytta er lafta. Utvendig treverk skal beisast i ein mørk tone.
 - d). Det vert ikkje tillete innlagt vatn eller avløp i hyttene. Vannforsyninga skal skje frå felles brønn/vannpost. Vannpostane skal forsynast frå grunnbora brønn, eller anna vannkjelde som helserådet godkjenner. Det skal anleggast to vannpostar i felt A2 og to i hyttefelt B. Kostnadene for vannforsyning skal fordelast på hytteeigarane i feltet.
 - e). Det vert tillete nytta biologisk toalett av multromstypen. Det kan og nyttast hyttedo utført i Leca etter teikningar frå teknisk etat i Vinje kommune. Klosettloysing skal vera eintydig innteikna og beskreve i det materialet som sendast bygningsrådet for søknad om byggeløyve. Andre klosettloysingar, (kjemicalieklosett eller vannklosett), er ikkje tillete.
 - f). Det er ikkje lov å stja opp flaggstang.

- g). Det er ikkje tillete å setja opp gjerde dersom det ikkje er ein lekk i å sikre høgdeskilnader etter bygningslova, og i nærleiken av hytta.
- h). Område mellom hyttene, som er regulert til fritidsbebyggelse, må likevel ikkje nyttast slik at det vert til hinder for grunneigarens naturlege drift av landbrukseigedomen.
3. Grunneigaren er ansvarleg for service, brøyting og renovasjon i område.
Den ein skilde hytteeigar eller tomtefestar, pliktar å etterkoma påbod frå grunneigaren i dette høve, samt å betale å sin andel av fellesutgiftene.
Vidare har grunneigaren rett til å utføre alt byggearbeide i område.
4. Bygningsrådet kan, om særlege grunnar talar for det, tillate mindre untak frå desse regulerigsbestemmelsane.